

Årsmelding for 1982.

~~Spesialforening~~ Musikkarane i laget starta opp att med å spele til bygdekveld for F.U.K. Pengane dei fekk inn, gjekk til kjøpet av høgtalaranlegget, som vart bestemt på forrige årsmøte. Ellers fortsatte dei med dei faste øvingane 1 gang for veka. Felespelarane hadde kurs med Sigmund Eikås 1. veka i februar. Dette kurset vart avslutta med byggekveld i Delaheimen, der kurs-deltakarane, laget enkelt spelere og Sigmund underhuldt for fullt hus.

Det vart starta opp att med gamaldansøvingar etter ynske frå årsmøtet, dei gjeld fram til våren, uten det heilt store fram-møtet.

Det vart starta opp kurs i Foskedals-springar avslutta i haust, med Sidvin og Olina som lærarar. Frå laget deltok "felejentene" og Harald på "Bjennashowet". Me arrangerte bygdekveld 8 mai i Delaheimen og byggekveld med program og servering i Framheim 9 mai som avslutning på sesongen.

Me deltok som vanlig i 17-mai arrangementet. og høgtalaranlegget vart for første gang prøvd

Felejentene var i juni på tur til de Ullmanns, saman med skulemunkene. Der spelte dei musikkepariøngen og på Mai-kvengen (der fekk dei og spele til ut på (fløytepar)) De hadde ein fine fer

Skikkeleg. Og det virka svært bra. ~~Att~~ Me skipa til dans om kvelden, då ungdomslaga ikkje ville ha fest. Høgtalarane tok dessverre fyr under tilkopling om kvelden (bruleg p.g.a. fabrikkasjons feil.) og det gjeld både sumar og haust før me fekk det ordna att. Me då fekk me nye (større og dyrare ~~høgtalarar~~) høgtalarar for tørt og rive. Men ellers var 17-mai festen svært vellykka med ca 150 tilstades.

26 juni hadde me "midtsommerfest" med program av laget og "Føstedeolin". Me hadde hal av bl.a. heimelaga molse som var svært populært. Det var mykje folk og me fekk inn ~~no~~ velterngde pengar til kassa.

I juli hadde me utedans saman med F.U.K. I august fekk me spørsmål om å arrangere fyllingskappleiken '83. og etter ein god del press tok me på oss den store oppgåva, og etter den tid er det vorte mykje møter.

~~Spesialforening~~ Musikkarane starta opp att sine øvingar i august.

me kalla inn til samrådingmøte med andre lag for å prøve å få til litt meir samarbeid. t. d. med kveldar for å unngå det for mykje kollisjonar og me vart enige der om at eit slett møte kunne me godt ha kvart semester.

Me deltok på "videomøte" saman med andre lag. Me drøfta dette i styret og blandt spelemennene og det vart gjort eit vedtak i styret, ~~at~~ som gjekk ut på at for me vart med på kjøp, så skulle det utarbeidast reglar for bruk og ansvar for utleige, og at det skulle vere eit fellesarrangement for å få inn midlar til kjøpet. Så på neste felles-møte vart det sett ned ei nemd til å utarbeide reglar og det vart bestemt "kultur-helg, 16/17 april.

Fellesspelarane hadde nytt felekurs i ei veke frå 1. november. Denne gongen var det Leif Rygg frå Voss som var lærar. Dette kurset var svært effektivt, fordi Rygg hadde enkeltundervisning om formiddagen, og skulen slitte seg på positive at han og felek komne til skulen og spele med "felyentene" i musikk timar og andre timar der dei kunne få fri. Han spelte på

med felyentene om ettermiddagen og dei vaksne på kveldstid.

Helga 13/14 november var laget til Årdal. Der deltok me på konsert og spel fleik treff i regi av Farnes ungdoml. og Sogn Spelem.l. i samarbeid med Rikskonsertane. Me laude bussen til "Bjørn" og Leiv var sjåfør. Utgiftene vart for det meste dekket av Rikskonsertane. Me deltok på konserten med samspel av heile laget, solospel, felyentene og med Fostedals-springaren. Og laget spelte i fleire øter under dansen etterpå. og då var det fullt på dansgolvet, og laget vart felek "trampelkappen". Dette var eit svært godt arrangement som det godt kunne vori fleire av. 27 av med. var på "treffet". Me utnytta tida godt for på ferja heimatt, hadde me styremøte.

Dei aktive har delteke på kapplekane, også i år med jamt bra resultat. I år var det Sigrun og Lars som utmerka seg ^{med} ~~i~~ ^{for} 1. premie på landskapplekane og dermed er dei no A-klassingar. Gratulasjonar til dei. Laget har hatt 7 styremøter + 3 utvida møter og

5 møter med andre lag dette året. Forkvinnar har delteke på årsmøtet til "Sogn og Fjord. folkemusikk-lag" og formanns møte på Vestlandskapplekane og årsmøtet til "Landslaget for spelemenn" på Voss. 4 andre medl. var og, Tristades på Voss, men

kvart lag har rett til utsending med stemmerett på landsmøtet
arbeidsåret er ikke slutt før årsmøtet, så etter jul
starta øvingane opp att både i spel og dans
1 gong for veka. og kappleiksforebuingane går sin
gong.

Arbeidsplan 1983.

Arbeidet framover kjem til å dreie seg om kapp-
leiken. Det er mykje å gjere både praktisk og
på papiert endå. men dei første nemdene
jobbar no med sine oppgaver. Og etter påmeldings-
fristen er ute 20 febr. startar innspurten for å
få alt klart.

"Bjønshowet" er neste post på programmet.
me skal ha ca 20 min underholdning der
og har vedtke å stille både dans og spel. og me
arbeidar med eit opplegg der ^{me} kan bruke mest mulig
av aktivitetane våre.

I april vert det då kulturhelg for å få inn midlar til video-
utstyret. alle laga skal bidra med nokre for å få inn
pengar.

I år er det vår tur til å vera hovudansvarlig for
17. mai arrangementet. Så etter kappleiken lyt me
kalle inn dei andre laga for å fordele oppgaver.

Øvingane går kvar veka i alle fall fram til
kappleiken. Me har ikkje tenkt på hausten enda. me
lyt få unna "våren" dette året. ~~Derfor~~ ^{Derfor} for me ta for oss seinare.

me er kontakta for underholdning i f. b. med
"Sognefjordlaget i USA". si stemme her i kommunen i
juli. Vidare planar for den skemma har me ikkje fått